



HØGSKULEN I VOLDA

**Høgskulen i
Volda**
AHL: Avdeling
for
humanistiske
fag og
lærerutdanning

Jobbnorge ID: 203636

Deadline: 6/25/2021

Website: <http://hivolda.no>

Scope: Fulltime

Duration: Fixed Term

Ph.d.-stipendiat i språk og litteratur

Om stillinga

Ved Høgskulen i Volda, Institutt for språk og litteratur, Avdeling for humanistiske fag og lærerutdanning (AHL), er det ledig ei stilling som stipendiat innanfor fagområdet språk- og litteraturvitskap, med faga norsk og engelsk. Stipendiatstillingar er utdanningsstillingar som gjev lovande forskarar høve til fagleg utvikling, og ei slik tilsetjing har forskarutdanning fram til doktorgrad (PhD) som konkret mål. Stipendiatstillingane er viktige for rekruttering til vitenskaplege stillingar ved universitet og høgskular.

Den utlyste stillinga skal vere med på å styrke den språkvitskaplege eller litteraturvitskaplege forskinga ved instituttet. Vi har ein mastergrad i skriftkulturar som inkluderer både norsk og engelsk, og prosjekt med relevans for det feltet kan bli prioritert.

Stipendiatar vert tilsette for ein periode på tre år med rein forskarutdanning eller fire år med 75% forskarutdanning og 25 % arbeidspålegg. Denne arbeidspålegga vil gjelde undervisning, rettleiing og liknande fagleg aktivitet ved høgskulen. Arbeidet skal vere relevant for vidare kvalifisering til akademiske stillingar. Søkjarane bør opplyse om dei ønskjer tre- eller fireårskontrakt, og så vert det avklara i tilsetjingsprosessen.

Stillingane har arbeidsstad ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærerutdanning. Som tilsett ved høgskulen får stipendiatane tenlege kontor og utstyr, og ein får tildelt årlege driftsmidlar etter gjeldande satsar.

Det er eit vilkår for å starte i stipendiatstillinga at ein har fått opptak i PhD-program ved ein doktorgradsgjevande institusjon. Dokumentasjon på slikt opptak må ligge føre innan seks månader etter at ein har fått tilbod om stillinga. Då vert det gjort endeleg avtale om å ta til i stillinga ved høgskulen. Søkjarar som alt har fått stadfesta opptak i eit godkjent doktorgradsprogram, legg ved dokumentasjon på det.

Om instituttet

Institutt for språk og litteratur tilbyr årsstudium og fordjupingsstudium i norsk (nordisk) og engelsk og mastergrad i skriftkulturar. Instituttet tilbyr også norskfaglege emne innanfor barnehagelærerutdanninga, grunnskulelærerutdanningane, og praktisk-pedagogisk utdanning (PPU).

Kvalifikasjonar

Vi ser etter deg som har sterk fagleg bakgrunn med relevant mastergradsutdanning. For denne stillinga vil det seie at søkjarar må ha fullført mastergrad i norsk (nordisk), engelsk eller tilsvarande. Graden bør vere av relativt ny dato. Dersom du har anna utdanning som gjev grunnlag for å gjennomføre ei forskarutdanning, eller utdanning frå utlandet, må det leggjast ved godkjenning frå NOKUT.

Karakter på masteroppgåva og masterstudiet skal vere normalt B eller betre.

Vitenskaplege kvalifikasjonar utover mastergrad vert vektlagt. Det same gjeld relevant arbeidserfaring.

Ved vurdering av søkjarane vert det lagt stor vekt på prosjektideen og prosjektskissa som du legg ved søknaden.

Prosjektskissa skal vere på 5-8 sider. Der skal det kome fram kva du ønskjer å forske på, kvifor det er relevant og i samsvar med utlysinga, og kva som er forskingsstatus på feltet. Skissa skal gjere greie for dei teoretiske og metodiske utgangspunkta for prosjektet og kva datagrunnlag (kjelder/empiri) du planlegg å bruke.

Det vert gjennomført intervju og referansesjekk av aktuelle kandidatar for å vurdere om ein har dei personlege føresetnadene som skal til for å gjennomføre forskarutdanninga. Det gjeld mellom anna motivasjon og potensial for forskning på fagfeltet. Du må ha stor arbeidskapasitet, vere strukturert og ha forståing for at eit doktorgradsløp er ein krevjande læringsprosess. Du må kunne arbeide sjølvstendig og vere nytenkande og kreativ.

Vi krev gode norsk- og/eller engelskkunnskapar, både skriftleg og munnleg. Undervisnings- og administrasjonsspråket ved høgskulen er norsk

Om søknaden

Alle må søkje digitalt gjennom rekrutteringsportalen Jobbnorge. Du må laste opp relevante vitnemål og attestar der. Vi gjer merksam på at søknaden blir vurdert ut frå informasjon som ligg føre når søknadsfristen går ut. Det er viktig at du viser korleis kompetansen din fyller kriteria for stillinga.

Desse dokumenta skal leggjast ved den elektroniske søknaden:

- vitnemål og attestar
- CV
- Masteroppgåve
- Eventuelle andre vitenskaplege arbeid
- Prosjektskisse, sjå informasjon lenger oppe i teksten
- Evt. stadfesting på opptak i doktorgradsprogram

Vedlegga skal ha namn som samsvarar med innhaldet i fila.

Søklarane blir vurderte av eit sakkunnig utval. Alle innkomne søknader blir først vurderte av avdelinga. Søknader frå klart ikkje-kvalifiserte søkjarar blir ikkje sende vidare til vurdering i sakkunnig utval.

Vi tilbyr

HVO tilbyr varierte arbeidsoppgaver i ei stor, spanande og samfunnsviktig verksemd. Her er gode vilkår for forskning og aktive forskargrupper på fleire fagfelt.

Vi har gode pensjonsordningar, og stillinga er løna i statens lønsregulativ. Ved HVO vert stipendiatane løna i ltr 54 i alternativ 10. Det er lagt opp til at ein får ei jamn lønsutvikling i perioden.

Generell informasjon

Ved HVO er vi opptekne av mangfald. Medarbeidarar med ulik livserfaring vil gjere oss i stand til å finne gode løysingar i arbeidet. Vi oppmodar difor alle til å søkje stillinga utan omsyn til alder, kjønn, funksjonsevne eller etnisk bakgrunn. Du er også velkommen til å søkje sjølv om du ikkje kan vise til ein samanhengande yrkeskarriere. Lokala ved høgskulen er universelt utforma, og vi legg til rette for personar med nedsett funksjonsevne.

Dersom du har nedsett funksjonsevne, innvandrarbakgrunn eller hol i CV kan du bli positivt særbehandla om du kryssar av for dette når du søker stillinga. Vi vil invitere minst éin kvalifisert søker i kvar av desse gruppene til intervju. For å bli positivt særbehandla på denne måten, må du oppfylle visse krav. Les meir om det på Arbeidsgiverportalen:

<https://arbeidsgiver.difi.no/strategisk-hr-og-ledelse/inkluderingsdugnaden/hvordan-bli-en-mer-inkluderende-virksomhet>

Tilsetjing skjer på dei vilkåra som følgjer av lov om offentlege tenestemenn, regulativ, reglement og instruksar som til ei kvar tid gjeld for stillinga, mellom anna lovfesta innskot i Statens pensjonskasse.

Søklarar som vert kalla inn til intervju, må ta med originalar av vitnemål og attestar for å dokumentere dei elektronisk innsende vedlegga.

Offentleg søkerliste vert utarbeidd etter at søknadsfristen er ute. Dersom du ønskjer å reservere deg frå oppføring på offentlig søkerliste, må det grunngjevast i jobbnorge. Du vil bli varsla dersom ønsket om reservasjon ikkje kan takast til følge.

Kontakt

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til seksjonsleiar ved Ivar Aasen-seksjonen for språk, litteratur og kultur, Anemari Neple, Anemari.Neple@hivolda.no, tlf. 70 07 52 34, seksjonsleiar for engelsk Svenn-Arve Myklebost, Svenn-Arve.Myklebost@hivolda.no, tlf. 70 07 54 31 eller leiar for Institutt for språk og litteratur, Tor Arne Haugen, Tor.Arne.Haugen@hivolda.no, tlf. 70 07 53 26. Du kan sende epost hit for å få tilgang til eit uforpliktande webinar om å lage prosjektskisse og skrive søknad. Vi vil også kunne hjelpe med kontakt til aktuelle rettleiarar tidleg i prosessen.

For generelle spørsmål om søknad og tilsetjing kan personalsjef Randi Urke kontaktast på e-post: personal@hivolda.no.

Om avdelinga

Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning er den største avdelinga ved Høgskulen i Volda med om lag 2200 studentar og 140 tilsette. Vi gjev tilbod om ei rekke ulike lærarutdanningar og fagstudium. Avdelinga har stor aktivitet i etter- og vidareutdanning for lærarar. Høgskulen i Volda ligg langt framme når det gjeld tilbod med fleksibel organisering og bruk av ulike teknologiske løysingar. Vi har også omfattande aktivitet i forskning og utviklingsarbeid.

Studiebygda Volda

Midt mellom fjord og fjell på spektakulære Sunnmøre finn du Høgskulen i Volda, med sine lange tradisjonar.

Les meir på www.hivolda.no

Video: <https://youtu.be/l1Ua60xdGrM>

Om Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda er høgskulen for humaniora og samfunnsvitskap i Møre og Romsdal. Vi er ein spennande kompetanseorganisasjon i vekst med om lag 4500 studentar og 350 tilsette. Vi gjev undervisning i ei rekkje fagområde, yrkesretta utdanningar og etter- og vidareutdanningar i nært samarbeid med samfunns- og næringsliv. Høgskulen i Volda driv mykje forskning og utviklingsarbeid og satsar på forskaropplæring og kompetanseoppbygging for dei tilsette i samarbeid med universitet i inn- og utland.

Additional information

Place of service:

Joplassvegen 11 6103 Volda (Volda Municipality)